

Fra: Torje Midtsæter <slicestanghelle@gmail.com>
Sendt: mandag 7. februar 2022 11:33
Til: Postmottak Vaksdal
Emne: Søknad bygdeutviklingsutvalet
Vedlegg: Enkelt busjett festival stanghelle.pdf

Hei

Me ynskjer å søke støtte til å arrangere festival på Stanghelle i sommar. Me ønsker å kunne samle så mange så mulig og skape eit kjekt arrangement særleg for dei unge i kommunen. Me ønsker å hente inn anerkjente artistar som kan lage eit bra show, og samle mange folk som ikkje har vært gjort sidan før pandemien. Me har valgt å fokusere på dei unge mellom 18-28 år, då me trur at mange av dei føler dei har gått glipp av masse opplevsar gjennom pandemien og kanksje har størst behov for å treffast i sommer.

Festivalen skal etter planen arrangerast på kaien på Stanghelle, Lørdag den 30.juli. Her har me vært i dialog med kommunen og Bane nord om å låne areal på kaien. Me har vært i dialog med fleire forskjellige artistar og me sikter oss inn på å samle tre forskjellige artistar til festivalen, og så håpar me å få med nokre lokale band i tillegg.

Dei som er ansvarlige for dette tiltaket er Frikk Midtsæter, Torje Midtsæter og Jan Ove Vasstveit. Festivalen vært arrangert gjennom selskapet Bando Foodtrucks AS org.nr 928 237 109 (Navnet på selskapet skal endrast før festivalen).

Me har ikkje eit endeleg budsjett då artistar ikkje er fastsett endå, men me har ein grei oversikt over kor store utgifter me får. Me håper selvfølgelig og kunne dekke alle utgifter med billettinntekter, men me er avhengig av å få inn litt støtte fra sponsorar og eller støtte fra kommune eller liknande for å få midler til utgifter som må betalast før billettsalet kan starte. Det mest kritiske for oss no er å få dekket utgifter med scene, lyd og lys så 50% av leia må betalast ved signering av kontrakten. Denne utgifta kjem på 75 000, og bør betalast snarast slik at me kan få kontrakter på plass.

Enkelt busjett er vedlagt i mailen.

Når det gjeld dokumentasjon på egeninnsats så har me foreløpig ikkje hatt nokre utgifter me kan dokumentere. Men me har allerede lagt ned mange arbeidstimar i planleggingsfasen, og kjem til å legge ned mange fleire. Me har også sett av 50 000 av våre egne pengar til prosjektet, men me er avhengig av andre midler fram til me får inntekter frå billettsal.

Me håper at de har mulighet til å hjelpe oss med midlar til å gjennomføre prosjektet, då me trur at det kjem til å bli noko positivt for Stanghellebygda og heile kommunen. I tillegg til at me trur me skal klare å få folk frå andre plassar til å reise til Stanghelle for å delta på festivalen, som fohåpentlegvis blir god reklame for Stanghelle og kommunen 😊

I utgangspunktet søker me om dei 75 000 me treng for å få signert kontrakt med bergen lyd, for å få på plass scene, lyd og lys. Men me har som sagt nokre midler sjølv, me håpar å kunne motta støtte relativt raskt, men det hjelper også om me får garanti på at søknaden blir godkjent eller delvis godkjent, då det vil gjere det lettare å få midlar andre stader. Dersom de har mulighet til å tilby oss eit lån fram til me har fått inn billettinntekter er dette også noko som hadde vore til stor hjelp.

Helsing Torje Midtsæter

